



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernombord**

Besøksadresse
Skinnarbu
3661 Rjukan

Postadresse
Postboks 2076
3103 Tønsberg

Kontakt
Sentralbord +47 33 37 10 00
Direkte +47 953 00 640
fmvtpost@fylkesmannen.no

Verneområdestyret for Brattefjell-
Vindeggen landskapsvernombord

Sakshandsamar Kristian Kvaalen Herregården

Vår ref. 2023/3145 -

Dato 15.03.2023

Innkalling til styremøte 23.03.23

Det vert med dette kalla inn til møte i verneområdestyret.

Tid: Torsdag 23.03.23 kl. 11:00
Stad: Gaustatoppen turisthytte

Gje beskjed snarast på 957 93 735 eller krkhe@statsforvalteren.no om du ikkje kan møte.

Saksliste:

- | | |
|----------|--|
| Sak 1/23 | Godkjenning av innkalling og dagsorden |
| Sak 2/23 | Saksframlegg:
Søknad om oppføring av driftsbygning i landbruket på Steinstaulen gnr. 92 bnr. 5 i Seljord kommune - Ole Gunnar Aase |
| Sak 3/23 | Saksframlegg:
Søknad om oppføring av ny fritidsbustad som erstatning for dagens bygg som skal ombyggast til uthus, gnr. 138 bnr. 12 i Seljord kommune - Jan Erik Larsen |
| Sak 4/23 | Saksframlegg:
Søknad om motorferdsel i verneområde med ATV på barmark til Systebulii 21/2 i Hjartdal kommune - Torgeir Larsen |
| Sak 5/23 | Referatsaker |
| Sak 6/23 | Eventuelt |
| Sak 7/23 | Neste møte |



Sak 2/23

Søknad om oppføring av driftsbygning i landbruket på Steinstaulen gnr. 92 bnr. 5 i Seljord kommune - Ole Gunnar Aase

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet er forvaltingsmyndighet for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker.

Kort om saka

Ole Gunnar Aase søker om løyve til oppføring av driftsbygning i landbruket på Steinstaulen på gnr. 92 bnr. 5 i Seljord kommune. Bygget skal nyttast til lagring av ved, slakting og utedo, og får eit BYA på 15 m². Det opplyst at nabo har samtykka til tiltaket. Den eksisterande stoga/hytta på Steinstaulen er registrert med BYA på 35 m² i matrikkelen.

Tiltakshavar er sauebonde, og området rundt Steinstaulen vert nytta til sommarbeite for sauene. Dagens utedo, som ligg inntil dei gamle steinmurane etter fjoset som er fjerna tidlegare, skal rivast.

Seljord kommune opplyser om at tiltaket ligg i et område som har arealføremål LNFR – areal for naudsynte tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytta næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag.

Seljord kommune ber verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen LVO handsame søknaden etter verneforskrifta, før vidare handsaming av søknaden etter anna lovverk hjå kommunen.

Vedlegg

- Søknad motteke 14.02.23 (2022/1943 – 1).

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet 2017-2027.

Det formelle grunnlaget - verneforskrifta og naturmangfaldlova

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet er å:

- "Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde."
- "Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv."
- "Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."

I verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet er oppføring av bygningar og anlegg i utgangspunktet forbode, jf. kap. IV, punkt.1.1. Punkt. 2.2 i same kapittel, seier at "*Reglane i punkt 1 skal ikkje vere til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande bygningar, (...).*" Etter kap. IV, punkt. 3.2 kan forvaltingsstyresmakta, "*Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet*", gje løyve til "*mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar i området.*"



Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går og fram av NML § 7, som seier at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndighet.

I NML § 8 går det fram at offentlege avgjører som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.

Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. NML § 10. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

I følgje naturmangfaldlova § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.

Vurdering

Steinstaulen gnr. 92 bnr. 5 ligg i kulturlandskapsona. Forvaltningsplanen seier ikkje noko direkte om bygningar kva gjeld forvaltningsmål for kulturlandskapsona. Det er difor planens generelle bestemmingar som er førande i denne saka. Å gje dispensasjon blir ein vurdering i det einskilde døme. Forvaltningsplanen seier at når tiltaket kan skje utan at det stirr mot føremålet med vernet, så kan forvaltningsmyndigheita på nærmere vilkår gje løyve til mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar dersom bruken ikkje vert endra. Maksimal storleik på hytte er BYA 65 m², mens maksimal storleik på uthus er BYA 15 m² – altså kan ikkje samla areal på staden overstige BYA 80 m².

I denne saka søker det om ei driftsbygning i landbruket på BYA15 m², som skal nyttast som vedbod/utedo/lager m.m. Søkjar opplyser om at dagens utedo som ligg inntil dei gamle ruinane etter fjoset på staulsvollen skal rivast. Nytt bygg vil då erstatte eksisterande utedo.

Staulen har BYA 35 m², og totalt BYA vil då bli 50 m², noko som er godt innanfor det som er tillate som maksgrense for BYA i forvaltningsplanens retningsliner. Forvaltar meiner det er noko misvisande å nytte begrepet «driftsbygning» i dette høve, då det i praksis er tale om eit uthus med typiske uthusfunksjonar. Bygg med slike føremål vert også beskriven som uthus i forvaltningsplan/verneforskrift. Forvaltar vil difor også difor omtale dette aktuelle tiltaket som eit uthus framfor ei driftsbygning i landbruket, utan at det påverkar handsaminga av saka.

Teikningane til søknaden syner eit uthus med tradisjonelt preg som vil passe godt til eksisterande staul. Utsjånadmessig ser det greitt ut på teikningane, og uthuset ser ut til å passe godt inn slik det er tenkt plassert. Ein kan ikkje sjå at tiltaket vil påverke landskapet i nokon negativ grad.

All forvalting skal vere basera på kunnskap, og i eit verneområde er det viktig med god kunnskap om kva slags verneverdiar ein har og kva som må gjerast for å sikre at tiltak ikkje verkar negativt på verneverdiane. Type tiltak vil virke ulikt inn på verneverdiane. Nokre tiltak kan påverke verneverdiane kraftig og over lang tid, eller for alltid. Andre tiltak er enten forbigåande eller så små at dei ikkje vil



Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombord

virke negativt inn på verneføremålet. Større tiltak/inngrep vil normalt stille større krav til kunnskap om effektar på verneverdiar enn små meir ubetydelege tiltak.

I denne saka søkjast det om å setje opp ei driftsbrygning i landbruket/uthus som skal nyttast som vedbod/utedo/lager m.m. Uthuset/driftsbrygningen vil bli plassert om lag 20 meter frå Steinstaulen. Steinstaulen har eit totalareal på 35 m². Nytt uthus/driftsbrygning vil vere 15 m². Det skal brukast dobbeltfalsa furubord på vegg, og furubord på tak.

Staulen ligg i eit område villreinen brukar jamleg. Normalt er det korkje kalving eller viktig vinterbeite ved staulen, men i Svafjellet like nord for staulen er det kalving nesten kvart år. Det er også ganske vanleg at villreinen kjem ned på staulsområdet om våren for å beite, og ofte er det dyr i områda heile sumaren og fram til brunsten om hausten. Området er dominert av myr, fjellbjørk og fjellgranskog. Sjølve staulsvollen og kringliggende område er tydeleg kulturpåverka. Det er sau som beiter her. Når det gjeld kulturminne, er det fleire bygningar og andre kulturhistoriske innretningar i området. Desse vil ikkje ble direkte påverka av tiltaket. I utgangspunktet heller ikkje fauna eller flora.

Det er ingen kjende natur- eller kulturverdiar som blir påverka av tiltaket, og forvaltaren kan heller ikkje sjå at verneverdiene for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombord blir negativt påverka. Ein vil sjølv sagt få litt meir støy på staden i samband med sjølve arbeidet, men dette vil skje i eit avgrensa tidsrom og dermed vere forbigåande.

Estetikk er spesielt framheva når det gjeld bygningar i landskapsvernombord. Det heiter seg i forvaltingsplanen at dei skal ha ei tradisjonell byggstil og brun eller gråaktig farge, medan taket primært må vere av typen bord- eller torvtak. Det kan ikkje krevjast spesifikke materialval, men ein vil likevel tilrå at det til utvendige veggar vert bruka materialar av tre, enten som laftetømmer, ståande panel eller som kombinasjonar av desse. Planlagt uthus vil såleis vere i samsvar med andre bygningar i området, og kulturlandskapet vil framleis ha eit tradisjonelt preg.

Det går godkjent skuterslepe inn til dette området, noko som betyr at eventuell materialtransport kan skje etter denne og at slik køyring berre krevjar dispensasjon etter motorferdselslova.

Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Ole Gunnar Aase løyve til oppføring av uthus/driftsbrygning på BYA 15 m² ved Steinstaulen gnr. 92 bnr. 5 i Seljord kommune i samsvar med søknad dagsett 14.02.23. Løyvet er gjeve med heimel i kap. IV, pkt. 3.2 i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombord.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
 - Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner uthuset frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at tiltaket er avslutta.
 - Det skal takast omsyn til naturverdiene i området under bygging og materialtransport.
- Ein skal vere spesielt merksam på villrein og sikre at den ikkje blir uroa som følgje av aktivitetten.

Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta. Eventuell handsaming etter anna lovverk skal skje av aktuell forvaltningsmyndighet, og søkeren er sjølv ansvarleg for å hente inn eventuelt andre naudsynte løyve.



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernombord**

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombord.

Vedtaket vert sendt Ole Gunnar Aase.

Kopi:

- Seljord kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil og bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.



Sak 3/23

Søknad om oppføring av ny fritidsbustad som erstatning for dagens bygg som skal ombyggast til uthus, gnr. 138 bnr. 12 i Seljord kommune - Jan Erik Larsen

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet er forvaltingsmyndighet for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker.

Kort om saka

Jan Erik Larsen søker om løyve til oppføring av ny fritidsbustad som erstatning for eksisterande bygning som skal byggast om til uthus. Egedomen ligg ved Tåråntjønn og har gnr. 138 bnr. 12, Sudbøvegen 117 i Seljord kommune.

Eksisterande bygg er ei därleg vedlikehalde hytte på 18 m² utan innlagt straum eller vatn, samt ein utedo på 2 m². Planlagt tiltak er at dagens hytte skal delvis rivast og byggast om og nyttast til uthus. Uthus/vedbod får eit areal på BYA 14 m². Ny fritidsbustad får eit areal på BYA 42 m² med overbygd inngangsparti på 7 m². Totalt blir BYA hytte og uthus på 53 m².

Plassering av ny fritidsbustad vil bli nærmare nabogrensa, der grunnforholda er tilrettelagt for ei bygning, noko som vil gjere utsjänad mindre og mildare. Det skal ikkje leggast inn vatn eller straum i ny hytte.

Ny fritidsbustad og uthus/vedbod får lik utvendig kledning som ståande låvekledning som skal behandlast med jernvitrol og yttertak med trepanel. Føremålet med tiltaket å få ei ny hytte som kan nyttast til overnatting. Tiltaket vil ikkje hindre fri ferdsel langs Tåråntjønn, og det vil ikkje settast opp gjerde som kan endre dyrelivets ferdsle rundt tiltaket.

Seljord kommune ber verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen LVO handsame søknaden etter verneforskrifta, før vidare handsaming av søknaden etter anna lovverk hjå kommunen.

Vedlegg

- Søknad motteke 03.02.23 (2023/1524 – 1).

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet 2017-2027.

Det formelle grunnlaget - verneforskrifta og naturmangfaldlova

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet er å:

- "Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.
- Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.
- Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."



I verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet er oppføring av bygningar og anlegg i utgangspunktet forbode, jf. kap. IV, punkt.1.1. Punkt. 2.2 i same kapittel, seier at "*Reglane i punkt 1 skal ikkje vere til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande bygningar, (...).*" Etter kap. IV, punkt. 3.2 kan forvaltingsstyrresmakta, "*Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det stirr mot føremålet med vernet*", gje løyve til "*mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar i området.*"

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går og fram av NML § 7, som seier at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigkeit.

I NML § 8 går det fram at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til saka karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.

Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. NML § 10. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårlig kunnskapsgrunnlag.

I følgje naturmangfaldlova § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.

Vurdering

Hytta ved Tåråntjønn gnr. 138 bnr. 12 ligg i vernesona. Forvaltningsplanen seier ikkje noko direkte om bygningar kva gjeld forvaltningsmål for verne, men den seier at ein skal vere særleg restriktiv i høve til å dispensere for nye tiltak/anlegg og motorferdsle. Elles er det planens generelle bestemmingar som er førande i denne saka. Å gje dispensasjon blir ein vurdering i det einskilde døme.

Forvaltningsplanen seier at når tiltaket kan skje utan at det stirr mot føremålet med vernet, så kan forvaltningsmyndigheita på nærmare vilkår gje løyve til mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar dersom bruken ikkje vert endra. Maksimal storleik på hytte er BYA 65 m², mens maksimal storleik på uthus er BYA 15 m² – altså kan ikkje samla areal på staden overstige BYA 80 m².

I denne saka søkjast det om løyve til oppføring av ny fritidsbustad som erstatning for eksisterande bygning som skal byggast om til uthus. Eigedomen ligg ved Tåråntjønn og har gnr. 138 bnr. 12, adresse Sudbøvegen 117 i Seljord kommune.

Eksisterande bygg er ei dårlig vedlikehalde hytte på 18 m² utan innlagt straum eller vatn, samt ein utedo på 2 m². Planlagt tiltak er at dagens hytte skal delvis rivast og byggast om og nyttast til uthus. Uthus/vedbod får eit areal på BYA 14 m². Ny fritidsbustad får eit areal på BYA 42 m² med overbygd inngangsparti på 7 m². Totalt BYA på 49 m². Totalt BYA på staden blir då 53 m².

Plassering av ny fritidsbustad vil bli langt nærmare nabogrensa, der grunnforholda er tilrettelagt for ei bygning, noko som vil gjere utsjånad mindre og mildare. Det skal ikkje leggast inn vatn eller straum i ny hytte.



Ny fritidsbustad og uthus/vedbod får lik utvendig kledning med ståande låvekledning som skal behandles med jernvitrol og yttertak med trepanel. Føremålet med tiltaket å få ei ny hytte som kan nyttast til overnatting. Tiltaket vil ikkje hindre fri ferdsel langs Tåråntjønn, og det vil ikkje settast opp gjerde som kan endre dyrelivets ferdsle rundt tiltaket.

Vurdering i høve til kap. IV, pkt. 3.2 i verneforskrifta:

Riving og oppsetting av nytt bygg på omrentleg same stad med same areal kan i utgangspunktet kome inn under summen av omgrepa "mindre tilbygg" og "ombygging".

Teikningane til søknaden syner eit bygg med tradisjonelt preg som vil passe godt til eksisterande bygningsmasse. Utsjånadmessig ser det greitt ut på teikningane, og ny fritidsbustad med uthus ser ut til å passe godt inn i terrenget slik det er tenkt plassert. Ein kan ikkje sjå at tiltaket vil påverke eller endre landskapet i nokon negativ grad.

Estetikk er spesielt framheva når det gjeld bygningar i landskapsvernombordet. Det heiter seg i forvaltingsplanen at dei skal ha ei tradisjonell byggestil og brun eller gråaktig farge, medan taket primært må vere av typen bord- eller torvtak. Det kan ikkje krevis spesifikke materialval, men ein vil likevel tilrå at det til utvendige veggar vert bruka materialar av tre, enten som laftetømmer, stående panel eller som kombinasjonar av desse. Planlagt tiltak vil såleis vere i samsvar med eksisterande bygg i området, og landskapsmessig vil tiltaket ikkje føre til noko vesentleg endring.

All forvalting skal vere basera på kunnskap, og i eit verneområde er det viktig med god kunnskap om kva slags verneverdiar ein har og kva som må gjerast for å sikre at tiltak ikkje verkar negativt på verneverdiane. Type tiltak vil virke ulikt inn på verneverdiane. Nokre tiltak kan påverke verneverdiane kraftig og over lang tid, eller for alltid. Andre tiltak er enten forbigåande eller så små at dei ikkje vil virke negativt inn på verneføremålet. Større tiltak/inngrep vil normalt stille større krav til kunnskap om effektar på verneverdiar enn små meir ubetydelege tiltak.

Eigedomen ligg sør-vest i verneområdet og i definert villreinområde, men ikkje innanfor definert vinterbeite eller kalvingsområde i forvaltingsplanen. Området er likevel å rekne som eit viktig habitat, noko som GPS-data henta frå dyrepositionar underbygger. Særleg syner GPS-data at villreinen nyttar området i tida rett etter kalving (mai/juni).

Riving av eksisterande hytte og oppføring av nytt vil vanlegvis ikkje føre til relevant auke i bruken, men i dette høvet kan det tenkast noko meir auke i trafikk når nye eigarar overtek ein eigedom. Det vil og bli noko auke i trafikk i samband med materialtransport og bygging. Ein kan i dette høve vere føre-var med tanke på omsynet til villreinen ved at ein set som vilkår at arbeidet ikkje kan startast opp før etter 1. juli. Dette fordi GPS-data syner at villreinen nyttar området i tida etter kalving. Skulle det vere villrein på staden på denne tid, så bør transport og/eller bygging stanse opp.

Det er ingen kjende natur- eller kulturverdiar som blir påverka av tiltaket, og forvaltaren kan heller ikkje sjå at verneverdiane for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet blir negativt påverka i nokon særlig grad. Ein vil truleg få noko meir ferdsle til hytta, og sjølvsagt få litt meir støy på staden i samband med sjølve arbeidet, men dette vil skje i eit avgrensma tidsrom og dermed vere forbigåande. I dette høve kan ein vere føre-var med tanke på omsynet til villreinen som nyttar området i mai/juni, ved at ein set som vilkår at arbeidet ikkje kan startast opp før etter 1. juli.

Med omsyn til storleik og fasade på planlagt tiltak, oppfattar forvaltaren tiltaket som greitt. Tiltaket vil vere innanfor forvaltingsplanens maksimale storleik for hytte på 65 m² og uthus på 15 m².



Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet

I dette høvet er planlagt ny hytte på BYA 49 m², og uthus på BYA 14 m², totalt BYA 53 m². Tiltakets utsjånad ser ut til å vere godt tilpassa lokal byggeskikk i området.

Alle avgjerder av ein forvaltningsmyndigheit vil skape presedens. Så også denne saka. Slik forvaltaren ser det, kan eit positivt vedtak med klare vilkår forsvara også ut frå moglege presedensverknader.

Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Jan Erik Larsen løyve til oppføring av ny fritidsbustad som erstatning for eksisterande bygning som skal byggast om til uthus ved Tåråntjønn gnr. 138 bnr. 12 i Seljord kommune, i samsvar med søknad dagsett 03.02.23. Løyvet er gjeve med heimel i kap. IV, pkt. 3.2 i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Arbeidet kan ikke startast opp før etter 1. juli, av omsyn til villrein.
- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner uthuset frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at tiltaket er avslutta.
- Det skal takast omsyn til naturverdiane i området under bygging og materialtransport. Ein skal vere spesielt merksam på villrein og sikre at den ikkje blir uroa som følge av aktiviteten.

Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta. Eventuell handsaming etter anna lovverk skal skje av aktuell forvaltningsmyndigheit, og søkeren er sjølv ansvarleg for å hente inn eventuelt andre naudsynte løyve.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klagar rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet.

Vedtaket vert sendt Jan Erik Larsen

Kopi:

- Seljord kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil og bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.



Sak 4/23

Søknad om motorferdsel i verneområde med ATV på barmark til Systebulii 21/2 i Hjartdal kommune - Torgeir Larsen

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet er forvaltingsmyndighet for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker.

Kort om saka

Torgeir Larsen søker om løyve til motorferdsle med ATV i samband med køyring til hytte på eiga eigedom på 21/2 Systebulii i Hjartdal kommune. Eigedomen er på ca. 4000 daa og Larsen er sjølv grunneigar.

Det er søkt om løyve til å bruke ATV med belte om vinteren, og vanleg hjulgåande på barmark. Det er skutertrasé godkjend i forvalningsplanen heilt fram til hytta han eig. Søkjar grunngjev behovet med transport av funksjonshemma til hytte og elles transport av ved og utstyr.

Søkjar har tidlegare hatt løyve frå Hjartdal kommune og verneområdestyret for køyring med ATV etter den same traseen som det no er søkt om. Verneområdestyret ga løyve til motorferdsel med ATV med heimel i NML § 48 i sak 28.19, ref. 2019/1708-432-2. Løyvet gjaldt fram til 31.12.19.

Historikk: Løyvet som vart gjeve frå verneområdestyret vart seinare omgjort, og oppheva av Miljødirektoratet i brev 07.05.2020 – og søknaden om motorferdsle på barmark vart avslått då vedtaket vart rekna som ugyldig (ref. 2019/9258).

Hjartdal kommune ber om at søknaden om barmarksøyring vert handsama etter verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet.

Det er Hjartdal kommune som gjev løyve etter motorferdselslova, og kommunen kan også gje slik løyve innanfor landskapsvernombordet – utan at verneområdestyret trenger å sjå på saka når transporten går etter dei vedtekne traseane for motorferdsle i området (sjå forvalningsplanen). I denne saka ønskjer likevel Hjartdal ei handsaming av verneområdestyret då det er søkt om motorisert ferdsle med ATV på barmark.

Vedlegg

- Søknad med kartskisse, dagsett 02.01.23 (2023/22-1).
- Brev frå Miljødirektoratet om omgjering av vedtak, 07.05.2020 (ref. 2019/9258).

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet 2017-2017.
- Lov om motorferdsle i utmark og på islagde vatn.
- Forskrift om forbod mot motorferdsel i spesielt sårbare områder i Brattefjell/Vindeggenområdet, Seljord, Hjartdal, Tinn og Vinje kommunar, Telemark.



Det formelle grunnlaget

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet er å:

- "Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.
- Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.
- Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."

I verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet er utgangspunktet at "Området skal vere verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.", jf. punkt. 1. Punkt. 1.4 seier at "Motorferdsel skal gå føre seg etter faste ruter som peikast ut av forvaltningsstyretemakta. All motorferdsle skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varig skjemmande markskader, hjulspor ol."

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går og fram av § 7 i naturmangfaldlova (NML), som seier at prinsippa i §§ 8-12 i lova skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigkeit.

I NML § 8 går det fram at offentlege avgjørder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.

Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. § 10. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårlig kunnskapsgrunnlag.

Etter NML § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket eller aktiviteten vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.

Vurdering

Torgeir Larsen vil køyre frå Hundemyr til Systebulii med ATV på barmark. Søkjær grunngjev behovet med transport av funksjonshemma til hytte og elles transport av ved og utstyr. Traseen følgjer i sin heilsak vedtatt snøskutertrasé jf. forvaltningsplanen. Ut i frå kart lagt ved i søknad, visast det at traseen som skal nyttast for ATV på barmark er same som godkjent køyretrase vinterstid. Det som derimot er viktig å merke seg er at desse godkjente traseane må forståast som løvvde for vinterbruk (snødekt mark). Det betyr at all motorferdsle som går føre seg på barmark vil krevja dispensasjon etter NML § 48.

All motorferdsle skal gå føre seg i tråd med lov og føresegner for motorferdsle i utmark og på islagde vatn, med dei avgrensingar som ligg i verneføresegna. I områder som er verna i medhald av naturvernlova/naturmangfaldlova, er det strengare reglar for motorisert ferdslle enn det som følgjer av motorferdslelova/nasjonal føresegns.

I verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet står det i kapittel 4 punkt 1.4 at motorferdsle skal gå føre seg etter faste ruter som peikast ut av forvaltningsstyretemakta, og at all



motorferdsle skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varige skjemmande markskadar, hjulspor og liknande.

I denne saka er det snakk om barmarksøyring, og det vil difor vere ein overhengande fare for at aktiviteten nettopp vil skape hjulspor og markskadar. I tillegg til eventuelle køyreskader, må ein i samband med slik transport alltid hugse på moglege konsekvensar for villreinen og anna dyre- og fugleliv. Korkje traseen eller hytta på Systebulii ligg i det som er definera som kalvings- eller vinterbeiteområde, men traseen ligg delvis i det som er kalla villreinområdet i forskrift av 1996 om motorferdsle i spesielt sårbare område (...). Denne forskriften seier mellom anna at motorferdsle er forbode i perioden 15. april – 1. juli, og at hytteeigarar kan gjevast dispensasjon for inntil 4 turar til eiga hytte i tida før 15. april.

Søkjars føremål og behov for transporten er transport av handikappa til hytte samt transport av ved og utstyr. Tilstanden på køyretraseen kjem ikkje fram av søknaden, men ut i frå kart og flyfoto kan tenkt køyretrase sjå ut som ein enkel slepe/traktorveg. Denne slepa er i forvaltingsplanen godkjent som trase for uttransport av elg og hjort.

Forvaltingsplan og verneforskrift seier at motorferdsle ikkje skal føre til varige markskadar. Når det gjeld ATV-transport i verneområdet er det i utgangspunktet berre opna for uttransport av felt elg og hjort etter fastsette ruter som er peika ut av forvaltingsmyndigheita, eller nyttekøyring etter etablert veg/køyretrase når det er eit særleg behov som ikkje kan dekkast på annan måte, og som ikkje knyt seg til turkøyring/persontransport. Barmarksøyring kan altså berre tillatast i heilt spesielle tilfelle på grunn av dei store terregnskadane det kan gje.

Forvaltingsmynde har forståing for søkjars ynske og føremål med transporten, men alder og helse er ikkje grunnlag for å gje løyve til slik motorferdsel i utmark som det søkjast om dette i høve. På grunn av dei store og varige terregnskadane slik køyring kan gje, skal barmarksøyring berre tillatast i heilt spesielle tilfelle knytt til naudsynt nyttetransport og ikkje persontransport. Difor er reglane for køyring på barmark strengare enn på snødekt mark. Naudsynte transportar bør i størst mogleg grad gjerast på snø. I områder som er verna i medhald av naturvernlova/naturmangfaldslova er det ofte strengare reglar for motorisert ferdsls enn i nasjonal forskrift. I dette høvet har ikkje forvaltingsmyndigheita heimelsgrunnlag for å kunne gje løyve til ATV-transport som det søkjast om. Det kan også påpeikast at om det er eit behov for nyttetransport av ved, utstyr m.m. til hytta, så bør slik køyretransport utførast med snøskuter i vintersesongen. I dette høve får søkjær løyve til vintertransport frå kommunen.

Når det kjem til barmarksøyring, meiner verneområdeforvaltinga at det er ekstremt viktig at ein har ein restriktiv forvaltningspraksis der omsyn til forstyrring og køyreskader skal gå framfor det meste anna. Med mål om å halde motorferdsle på eit lågast mogleg nivå, vil det sitte langt inne å gje løyve også til barmarkstransport i slike høve. Det er ikkje praksis å innvilge søknadar om slik barmarkstransport i verneområdet, og viss ein først startar opp ein slik uheldig praksis vil presset bli stort frå fleire hald.

Sett i samanheng med anna motorferdsel og samla påverknad i verneområdet, vil ein ved å tillate barmarksøyring som i dette høve, truleg få ei høgare samla belasting på området. Det vil truleg vere ei mindre belasting og påverknad på terren og verneområdet om transport av ved, utstyr m.m. blir gjennomført vinterstid etter godkjente køyretrasear.

I denne saka skal det køyrist etter ein trasé som ut i frå kart og flyfoto kan sjå ut som ein enkel slepe/traktorveg. Likevel er det slik at forvaltingsmynde vurderer det slik at søkjars behov og føremål med barmarkstransport med ATV ikkje er tilstrekkeleg for at det kan gjevast løyve til slik motorferdsle



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernombord**

som det søkjast om. Det er strenge krav til barmarkstransport etter «særlege behov» i motorferdselslova, mellom anna at behovet ikke skal kunne dekkast på annan måte. I dette høve vurderast det slik at transportbehovet til søkjar kan dekkast med køyring etter godkjent køyretrase vinterstid, med løyve frå kommunen.

Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Torgeir Larsen avslag på søknad om barmarkstransport med ATV etter trasé teikna inn på kart lagt ved søknad dagsatt 02.01.23.

Avslaget er gjeve med heimel i verneforskrifta punkt 1.4.

Det er klagerett på avgjerdet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombord.

Vedtaket vert sendt til Torgeir Larsen.

Kopi:

- Hjartdal kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil også bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.